

# Kyrkjeklokka

Nr 2- 2025

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

89. årgang

## INNHALD:

- Seljumannamesse 2025
- Avslutning for Henny Koppen
- Dugnader i sokna
- Speiding er friluftsliv
- St.Georgsfeiring i Stryn
- Sommarplanar i sokna
- Altertavla i Loen kyrkje
- Bilete av konfirmantane
- Seniortreffa i Nordsida sokn
- Tacofredag i Nordsida kyrkje
- Sommarleirar
- Faste postar:
  - Andakt
  - Min salme
  - Under open himmel
  - Langs vegen
  - Barnesider
  - Frå kyrkjeverja
  - Preikelista
  - Frå kyrkjebøkene

*Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord  
og atter som eit under nytt liv av daude gror.*

Foto. J. Hessevik

# Det verda treng

Andakt,  
av Vidar Bergset  
(1928-2020)



**«Eit nytt bod gjev eg dykk:**

**De skal elska kvarandre! Som eg har elska dykk,  
skal de også elske kvarandre.» Joh. 13.34**

Det er ikkje lenge mellom kvar gong vi ser rundt oss og ropar at verda er av lage. Ja, berre sjå: Krigar og naud og elende, sjølv-mord og valdsverk, korrupsjon og svik, kriminalitet og mangel på respekt for lov og rett. Narkotikahandelen florerer, alkoholbruken er vanleg i stendig yngre årsklassar, og snart går halvparten av ekteskapa over styr.



*For 30 år sidan, juni 1995, gav Hanna Eikrem Ruset, ut ei andaktsbok på eige forlag. Boka fekk namnet «Rasteplassen» og inneheld ei andakt for kvar dag i året.*

*Andaktene er korte, lettlesne og skrivne av ei rekke personar Hanna hadde tiltru til som formidlarar av Guds ord - folk frå ulike delar av landet, ulike yrke og ulike roller i kyrkje- og samfunnsliv.*

*Ein av bidragsytarane var Vidar Bergset og vi trykkjer ei av andaktene som Vidar skreiv: «Det verda treng».*

*Ei andakt skriven i 1995, men framleis høgst aktuell tematikk.*

Det er mange som ropar at no må det rydjast skikkeleg opp. No må eit syndig folk konfirmerast med Guds lov, med dei 10 boda, no må predikantane byrje å tale alvorleg om Guds straffedomar.

Men truleg er det noko som er meir viktig. Det verda treng mest av alt i dag, er kjærleik. Det er ein

hjarteskjerande mangel på kjærleik mellom menneske, trass i all såkalla kjærleik som blir dytta på oss av film, TV, plateselskap og litteratur.

Menneska forgår fordi ingen er glade i dei, kjærleikshungrande born rettar hende- ne mot fjerne foreldre, og eldre menneske dør utan at nokon merkar det.

Kva er kjærleiken?

Jesus har gjeve oss bodet, og Jesus har sådd spiren til kjærleik i hjarta våre.

**«What the world needs now is love».**

## Kyrjeklokka

Bladet vert levert til husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune.

Adresserte blad (utanbygds) får bladet i posten.

Bladpengar er frivillig og vi håpar at mottakarane av bladet vil betale inn 300 kr eller meir.

Bankgiro 0538 18 51054  
Bankgiro 3795 30 05108  
Eller bruk Vipps: nr 583131

Redaktør for dette nummeret: Jarle Hessevik


Post til Kyrjeklokka:  
[kyrkjeklokka@gmail.com](mailto:kyrkjeklokka@gmail.com)

Kyrjeklokka kan også lesast på nettet:  
[www.stryn.kyrkja.no/Kyrjeklokka](http://www.stryn.kyrkja.no/Kyrjeklokka)

Vi takkar for  
innbetalingar og støtte.

# Velkommen til Seljumannamesse

## 5.-6. juli 2025



Tradisjonen tru blir det også i år messe ute på Selja. Øya har ein unik plass i norsk historie. Staden har vore eit pilegrimsmål heilt tilbake til 900-talet med bakgrunn i legenda om den irske kongsdottera Sunniva og hennar følgje som søkte ly der. Sidan då har øya har vore ein stad for menneske til å søke ly og ein stad for menneske å møte og søke Gud.

Årets messe blir søndag 6 juli kl. 12 og tidlegare biskop i Bjørgvin Halvor Nordhaug er predikant. Å feire messe der ute i havgapet er noko heilt eige. Bakteppet med hav og himmel der vår og vind fargar omgjevnadane og minner oss om alle våre skifte i livet. Og ikkje minst minner det oss om at gjennom alle tider, dagar og skifter står Guds løfte fast. Den evige Gud vi alltid kan søke ly hos. «Du er mi øy i havet Gud» er ein av salmane vi skal synge på årets messe. Varmt velkomen til Seljumannamesse. På [www.fjordguiding.no](http://www.fjordguiding.no) finn du båt-tider og kan bestille billett ut til øya.



### Laurdag 5. juli

Kl 14.00 i Selje prestegard:  
Lansering av ungdomsboka Sunnivas reise  
v/Sara Lepsøe og Håvard Sand

Kl 18.00 i Selje kyrkje:  
Premiere på førestillinga Sunniva av Selja. Manus/regi:  
Sara Lepsøe og Håvard Sand Musikalsk ansvarleg:  
Arild Stav (sjå plakat og omtale på s.23)

### Søndag 6. juli

kl 12.00 på Selja kloster:  
Seljumannamesse.  
Predikant:  
Biskop emeritus Halvor  
Nordhaug

For båtruter og utfyllande program, sjå  
[www.seljakloster.com/seljumannamesse 2025](http://www.seljakloster.com/seljumannamesse2025)



Over: Biskop emeritus Hallvor Nordhaug

T.v.: Arild Stav, Håvard Sand og Sara Lepsøe

«Sunniva av Selja» Laurdag kveld, 5.juli, har Seljumannamesse-komiteen i samarbeid med Selje Pilegrims-senter og Filadelfia Stadt gleda av å invitere til premiere i Selje kyrkje. Førestillinga «Sunniva av Selja og de som fulgte i hennes fotspor» er arrangert av «Himmelske toner». Manus er skrive av Sara Lepsøe og Håvard Sand, og Arild Stav er musikalsk ansvarleg. Førestillinga startar med Sunniva og korleis ho med sitt liv sto til teneste for Gud og sin neste. Med ord og tonar blir vi tatt med gjennom Norges historia og får eit lite innblikk i korleis kristenliv og tru har vore med å sette sitt preg på landet. «Himmelske toner» har hatt liknande førestillingar andre stadar, blant anna på 1000 års jubileet for Kristenretten på Moster i fjor. Konserten er gratis med høve til å gje kollekt.

## Sokneprest Henny Koppen vart takka av med gudsteneste og fest

Ei fullsett Nedstryn kyrkje og eit fullsett Betania er eit godt teikn på kor mykje sokneprest Henny Koppen har betydd for mange i Stryn kommune. Ho har vore sokneprest for Loen, Nedstryn og Oppstryn.

Festen blei leia av Endre Bø. Han fekk utfordringa med å sortere alle som gjerne ville seie noko positivt om Henny.

Olav Lars Rake presenterte Catrin Sanden som på vegne av Loen sokneråd framførte to songar med si flotte stemme. På vegne av Nedstryn spela Jan Nygård fløyte, med Anders Viktor Kvile som akkompagnatør.

Fungerande prost, Tore Myklebust, takka på vegne av prost og biskop for at Henny valde å bli prest, og for den gode jobben ho har utført. Alle desse godorda kom under festen i Betania. Der hadde sokneråda i fellesskap dekkja og pynta heile lokalet med flotte bord. Vi fekk rikeleg med gode smørbrød. Undervegs blei det sett fram eit stort bord med kaker i alle slags former. Vi storkosa oss skikkeleg.

Tore Myklebust fortsette omtrent slik i si takketales: Takk for måten du har fylt kyrkja med din mangfaldige kompetanse og ditt store engasjement. Du har vore med på å skape fellesskap til ære for den treeinige Gud, fellesskap som har invitert til undring, tvil og tru, og der det er høgt under taket, –der det er musikk, dans og glede. Henny, du har vore ein tydeleg og raus eksponent for ei kyrkje som peikar på Den miskunnsame nådens Gud.

Jostein By, leiar i fellesrådet, kvitterte først ut ved å gje Henny ei gåve på to frukttre som ho kunne hente på Innvik Fruktlager. Også han takka for hennar trufaste gjerning som sokneprest.

Kommunedirektør Jon B. Nesje fortsette med si takketales. Han takka for innsatsen i heile Nordfjord og gav henne «Nordfjordboka».

Beate Nes takka frå staben og overrekte eit bilete av eit lam. Kunstverket heiter "Kvil i Guds nåde". Det symboliserer at no kan ho kvile, og så symboliserer fjella at det ligg nye utfordringar og muligheter og ventar.

Organist Anders Viktor Kvile takka Henny for godt samarbeid og formulerte seg gjennom ein artig tekst der han tok fram sider ved Henny sin person som vi andre ikkje kjenner så mykje til: «Detaljlar og bagatellar er det viktigaste vi arbeider med, for det er det heilskapen består av. Detaljorientert styring, med ein umetteleg trong for rapportering og tilbakemeldingar. På stadig jakt etter brillene, permar og nøklar, telefonen, og ulike hugselappar og notat, plar distraksjonsanfallet å lande med alle nødvendige ingrediensar på plass for avvikinga av det som til ei kvar tid skal gjennomførast».

Soknerådsleiarane i Loen, Nedstryn og Oppstryn hadde kvar sine innlegg. Sissel Brekke takka på vegne av alle sokneråda og nemnde at Henny har vore ein trygg og god sokneprest for oss alle, og la til: «*Du takkar av som prest, men ikkje som medmenneske og inspirator*». Gåva frå dei tre sokneråda var opphald på eitt av «*Dei historiske hotell*», etter eige val.

Sissel Brekke avslutta med å seie: «*Tusen takk for godt samarbeid. Tusen takk for alt du har gjort og alt du er*». Dette siste kan vi alle skrive under på. Likeins at eit høgt dynamisk tempo har vore Henny sitt varemerke.

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo



## Kyrkjeverja

### Sletting av graver

Eit gravminne blir sletta når det har gått 60 år sidan siste gravlegging (etter søknad kan ein feste inntil 90 år), eller når festar seier opp festeavtalen eller sluttar å betale.

Tidleg på året blir gravene som vart sletta føregåande år, merka med skilt som informerer om slettinga, slik biletet syner.



Gravminnet er festar sin eigedom og festar kan sjølv ta hand om gravminnet innan seks månader frå innmeldt dato om sletting. Om festar ikkje ynskjer å ta hand om eit sletta gravminne, vil det bli fjerna av gravplassarbeiderane og sendt til destruering i løpet av hausten. Alle gravminne vert ståande i minimum seks månader etter dato for sletting. Vi gjer merksam på at nokre gravminne kan bli ståande vesentleg lenger. Dette er oftast i påvente av vurdering av verneverdi.

Ta kontakt med kyrkjekontoret om du har spørsmål om feste og/eller sletting.

### Sesongarbeidarar på gravplassane

I perioden mai-august set vi som vanleg inn ekstra mannskap for å halde gravplassane velstelte med grasklipping og anna stell.

Lasha Jejeia har jobba hos oss fleire sesongar, og begynte i år



alt i månadsskiftet april/mai. I tillegg har vi tilsett Kibrom Negasash frå skuleferien startar. Kyrkjeverja er ansvarleg for at arbeidet vert gjort på ein god måte, og er takksam for å ha gode ressursar med på laget. Saman med dei fast tilsette utearbeidarane vil sommarhjelpene stå på gjennom sommaren for at gravplassane våre skal vere gode stader å kome til med ei verdig ramme for å minnast sine kjære.

*Kari Synnøve Muri*

## Kyrkja i indre Nordfjord



### Stryn kyrkjekontor

Tlf 57 87 61 80

Postadresse: og besøksadresse:  
Rognehaugen 11, 6783 Stryn

[kyrkja@stryn.kommune.no](mailto:kyrkja@stryn.kommune.no)

[www.stryn.kyrkja.no](http://www.stryn.kyrkja.no)

**Kontortid:** måndag, onsdag, torsdag og fredag  
kl 09.00 - 15.00, tysdag kl 10.00 - 15.00

**Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri.** tlf 913 27 882

[kari.muri@stryn.kommune.no](mailto:kari.muri@stryn.kommune.no)

Sekretær Margrete Lillestøl

Sekretær Anne L. Honningsvåg

### Prestane

**For Oppstryn, Loen og Nedstryn**

Vikarprest Olav Sigurd Gundersen, tlf. 951 36 059

**For Randabygd og Nordsida**

Sokneprest Hege Høiby, tlf 413 75 495

[hege.hoiby@stryn.kommune.no](mailto:hege.hoiby@stryn.kommune.no)

**For Utvik**

Prestvikar Beate Nes, tlf 986 54 244

[beate.nes@stryn.kommune.no](mailto:beate.nes@stryn.kommune.no)

**For Innvik og Olden**

Fung. sokneprest Knut Gjengedal, tlf 948 32 875

[knut.gjengedal@stryn.kommune.no](mailto:knut.gjengedal@stryn.kommune.no)

**Trusopplæringa**

Kateket Beate Nes, tlf 986 54 244

[beate.nes@stryn.kommune.no](mailto:beate.nes@stryn.kommune.no)

Kyrkjelydspedagog Andreas Kråkenes,

tlf 922 80 026

[andreas.krakenes@stryn.kommune.no](mailto:andreas.krakenes@stryn.kommune.no)

### Volda kyrkjekontor (Hornindal sokn)

Tlf 70 07 40 90

Rådhusgata 6a, 6100 Volda

[kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no)

[www.volda.kyrkja.no](http://www.volda.kyrkja.no)

**Kontortid:** Må, ty, to og fre kl. 10.00 –14.00  
onsd kl 10:30– 14:00

**Kyrkjeverje Jostein Stråbø,** tlf 916 63 549

[kyrkjeverja@volda.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@volda.kyrkja.no)

**Hornindal sokn**

Sokneprest Constanze Lindner, tlf. 971.79.970

[KL855@kyrkja.no](mailto:KL855@kyrkja.no)

## Frå sokneråda: Dugnad på kyrkjegardane



Hornindal sokneråd inviterte til dugnad måndag 5. mai. Ein fin gjeng var samla og gjorde ein flott innsats! Sosialt og triveleg!

Mvh Silje Hjellbakk Hole



Dugnad i Utvik kyrkje og på kyrkjegarden vart gjennomført den 28. april. Vi takkar alle dei fram møtte som bidrog til å gjere det fint både i kyrkja og på kyrkjegarden.

*Frå høgre Ruth Torheim og Jorunn Tisthamar  
Foto: Hauk Magne Heggdal-Verlo*

Oppstryn sokneråd hadde bestemt dugnad på kyrkjegarden i Oppstryn laurdag 26. april i år. Det viste seg å vere ein perfekt dag å ha dugnad på. Nydeleg vårvêr, og heilt vindstille på Fosnes. Her var godt oppmøte, og dei fleste arbeidde ute med å rake kvist og rydde, medan ein liten gjeng var inne og vaska, støvsuga og pussa sølv.

Det var tidlegare bestemt at det skulle plantast to epletre som ei minnegåve frå gravferda til Egil Flo. Dette vart utført av familiemedlemer denne dagen. Vi håpar epletrea trivest på Fosnes og at det blir litt avling til hausttakkefesten.

Dugnadsjobben vart effektivt utført, og etterpå vart det kaffipause nede ved vatnet.

*Tekst og foto: Beate Glomnes*

Framhald (frå Innvik) på s. 12



## Henny Koppen

# Tankar langs vegen



I dag har eg vore på Vesledalsætra. Det er ein god sti inn til sætra, veret var strålande, fuglane song og snøen rasa i små porsjonar frå fjellsida på den andre sida av elva. Kort sagt, ein fin dag å tenkje på. Og eg tenkte på 17.-maitalen som eg hørde i år. Den handla om inkludering, om korleis det var å kome frå storbyen til ei lita bygd på Vestlandet og bli inkludert i ein vennegjeng med ein gong. Talaren som hadde opplevd det var full av lovord.

Eg har også vore innflyttar i Stryn, og sanneleg har eg opplevd det same. For meg var det naturleg å oppsøkje kyrkja når eg kom til ein ny stad. Det gjorde eg på Nordfjordeid då eg kom dit som 16-åring, i Volda, då eg flytta dit 19 år gammal, i Trondheim tre år seinare, og altså i Stryn, når eg etter kvart var blitt godt vaksen. Alle stader vart eg teken imot med opne armar, boden kaffi, vennskap, - og ikkje minst oppgåver. Det var plass for meg og det var bruk for meg. Det finst ei kyrkje i kvar bygd, gudstenestene er nokså like og folka ein møter der er stort sett vennlege og altså – inkluderande. Det er eit herleg nettverk.

Dette skriv eg til alle som er på flyttefot, eller alle som har sete litt for lenge «inne» og kjent seg åleine: Oppsøk eit miljø der du trur du kan trivast. Prøv fleire

viss det ikkje lykkast fyrste gongen. Ikkje alle vel kyrkja når dei skal finne ein flokk å høyre til. Der finst turgrupper, danselag, bridgeklubbar og uendeleg mykje anna.

Etter 20 år i Stryn fann eg ei ny gruppe som skulle få bety mykje for meg, Stryn blandakor. Eigentleg var det dei som fann meg, for dei trong dirigent, og eg vart med. For ei velsigning det vart. No blir eg aldri trøytt av å fortelje om kor bra det er å synge saman; lykkehormona sprett fram frå gøymestadane og songarane endar opp med same hjarterytmefor kvelden. Men det var ikkje berre det, her vart ein inkludert, omfamna, invitert til småprat, gebursdagar og kaffikos.

Dette temaet høyrer heime i eit kyrkjeblad. Jesus er vel det beste føredømet når det gjeld å inkludere. Han tok alle «inn i varmen». Møtte menneske som hadde fare vill på så mange vis og viste dei respekt og omtanke. Vi finn han saman med ein tollar, ein blind, ein barneflokk, ein farisear, kvinner og menn av alle kategoriar, alle fann ein ven i Jesus. Og så er han her enno og seier til oss, romsleg og ope: «Kom til meg alle som slit og ber tunge bører. Hos meg skal de få kvile». (Matt 11.29). Der finst mange fellesskap rundt Jesus. Og vi, alle som lever og er til, kan godt strekkje oss og vere meir som Jesus, skape gode og inkluderande fellesskap rundt oss.



# Speiding er friluftsliv

Innhaldet i speidaren femner vidt, men det meste av det som går føre seg, skjer ute i det fri. Det har vore fin vår og gruppene har hatt mange, fine aktivitetar ute i naturen. Haik er noko som alle speidarar gjer seg kjende med. Det går ut på å gå, eventuelt padle ein tur med bagasje og så overnatte ute i det fri. Det er mykje som sorterer under «det fri» til dømes ein gapahuk, ein presenning ei hengeskøyte eller til og med telt om nødvendig. Speidarane går på haik heile året, om vinteren går turen på ski, bortsett frå i år, då vi vart snytte for snø.

Patruljane Fjellrev, Apekatt og Marihøne gjennomførte sin vår-haik siste helga i april. Den gjekk til friluftsliren på Nordsida, der gjengen kunne sove i gapahuken. Undervegs var det undervisning og trening i bruk av kart og kompass, og om kvelden var det naturleg samling rundt bålet med matlaging, underhaldning og gode historier. Roverane gjennomførte 1.-maihaiken til fast stad. Den 30. april er det padling på Lovatnet, og målet er Nesdal. Det får dei kampere på sletta ved vatnet, gjere opp bål på stranda og elles utforske området. Ein padlehaik er på mange måtar enklare enn ein fottur, i alle fall dersom ein har taket på padlinga. Det er ikkje så tungt, og det er noko fredfullt ved å gli framover gjennom vatnet og lytte til fuglesong og små plask frå årane. Vel, - litt kommunikasjon mellom båtane er ikkje til å unngå. Også i år fekk vi god hjelp til å frakte båtane, padleturen gjekk greitt over vatnet og det vart ei fin natt inst i Lodalen.

Padling høyrer speidaren til, i alle fall her i Stryn. For mange år sidan kjøpte vi 8 kanoar, og dei er flittig i bruk. I slutten av mai var det patruljane Hare og Hjort som hadde padletur på Langesetvatnet. Fleire vaksne var med og borna

fekk velje om dei ville padle åleine eller saman med ein vaksen. Det viste seg at alle greidde seg godt. Ein liten holme ute på vatnet vart besøkt og alle kom tørrskodde både fram og tilbake. Før ein avslutta møtet, rakk ein akkurat å leike «Spark på boks» ein gong. Nok ein god dag i naturen.



Tekst: Henny Koppen

Foto på haiken på Nordsida: Ingeborg Koppen Hessevik

Foto frå Nesdal og Langesetvatnet: Henny Koppen

# St.Georgsfeiring i Stryn

Kvart år, kring den 23. april samlast speidarane til Sankt Georgs-feiring. Feiringa blir gjerne lagt til den næraste søndagen. Ørsta, Volda, Dalsfjord og Stryn har brukt å feire denne dagen i lag. Vi bur geografisk nær, og vi møtest på dei same leiane annakvart år. Sist var vi på Gjer-mundnes i lag, denne sommaren reiser vi til Gjøvik på landsleir. Det er fint å halde kontakten med speidarvener også gjennom året, slik styrkjer vi fellesskapet og vennskapet.

Dette året var det Stryn sin tur å arrangere feiringa. Programmet er nokså fast frå år til år. Fyrst er det gudsteneste, etterpå måltid og aktivitetar i det fri. På Sunnmøre er det som oftast ei løype med ulike postar som skal gjennomførast, her i Stryn valde vi å legge det opp som eit slags «tivoli» eller ein marknad der speidarane kunne velje aktivitetar som dei ville.

Det var flott med speidargudsteneste i kyrkja. Med fire grupper til stades vart det ei imponerende flaggborg fremst i prosesjonen. Dette var søndag etter påske, så påskesalmane fekk lyde kraftfullt og flott i Nedstryn kyrkje. Det var femteiknsbøna i starten og forbøn i fire himmelretningar undervegs i gudstenesta.

Til slutt fekk vi speidarbøna:



Kjære Far i høge himmel,  
høyr mi stille hjartebøn:  
Kvar eg enn i verda vankar,  
at meg bli som Sonen din.  
Lat meg leva deg til æra,  
heidre Noreg, far og mor,  
andre folk til hjelp få vera,  
og så lyda lova vår.

Så flytta flokken seg til Speidarhuset på Øyra. Der var det førebudd aktivitetar av mange slag. Ballkast på boks, livlinekast, dramatisering av legenda om St Georg, knutekurs, 50-leiken, grilling av marsmallows og pinnebrød, svelesteiking, knutekonkurranse og meir slikt. Jammen vanka det varm lapskaus og, for den som sakna middag. Heile flokken samlast i ein ring til slutt. Ein må stå i ring når denne songen skal syngast, for det skjer ei finurlig fletting av hender undervegs.

***Make new friends, but keep the old.***

***One is silver, and the other's gold.***

Heilt til slutt fekk speidarbøna lyde på nytt og så valspråket: **Alltid budd.**

*Henny Koppen*



Over: Prosesjon med 4 flagg og 4 banner

Under: Instruksjon om knutar og tau v/ein leiar frå Volda  
Begge foto: Aslaug Thingnes Bø



# Sommaren kjem med musikk og kunst

## Kyrkjekonsert i Utvik kyrkje

Siste helga i juli, den 25.-27. juli, er det duka for Somnardagane i Utvik.

Søndag den 27. juli klokka 16.00 spelar duoen Kristina Farstad Bjørdal (akkordion) og Britt Pernille Frøholm (hardingfele) på årets kyrkjekonsert på Utvikdagane.

Duoen let seg fascinere av den utrulege historia om Betty Mouat frå Shetland som skulle ta båten til Lerwick, men etter over ei veke stranda forkomen og åleine på Lepsøya i 1886. Betty Mouat var sterkt medteken, men i live. Etter ei tid kunne ho reise attende til Shetland. Då hadde nyhenda allereie spreidd seg til store delar av Europa og på heimvegen ville alle ha ein del av henne. På denne konserten blir det framført både nykomponerte verk og tradisjonsmusikk knytt til kystkulturen på nordvestlandet og på Shetland.

*«Eg har vakse opp med fortellinga om Betty og eg har alltid hatt lyst til å gå djupare inn i denne historia. Frøholm og eg ønskte oss eit samarbeid med ulike komponistar som skulle gjere si eiga tolking av denne historia. Vi gler oss stort til å framføre denne musikken i Utvik!»,* fortel Farstad Bjørdal.

*«I tillegg til å spele nykomponert musikk har vi leita fram gamle perler frå den kystmusikken som var i bruk i nordvestlandet tidlegare. Også litt frå Shetland. Det har i lange tider vore stor trafikk mellom norskekysten og Shetland, og det er interessant å sjå at også musikken ber preg av dette»-* seier Frøholm som gler seg til å spele denne musikken for utvikarane.



Kristina Farstad Bjørdal og Britt Pernille Frøholm

## Kunstutstilling i Tiendebuda



Foto: Geir-Ståle Vatnamo

Det blir kunstutstilling i Tiendebuda laurdag den 26. juli. Tiendebuda er eit kulturminne frå 1719 som i seg sjølv er verdt eit besøk.

Oddny Grotle Føleide er frå Bremanger, no busett på Sandane, stiller ut. Kunstnaren starta å male i 2003, men først i 2021 for utstilling og sal.

Ho hentar mykje inspirasjon frå naturen, og mange av bilda er av abstrakt natur. Tidlegare utstillingar bl.a. i Bremanger, Sandane, Måløy, Stryn og Førde.



## Støylsmesse

Det vert støylsmesse med dåp på Tistamstøylen den 15. juni. Soknerådet står for servering av kaffi, kaker og saft. Det vert fyrt opp i bålpanne, og dei som ynskjer det kan ta med pølser for grilling. Det er bilveg nesten opp til støylen, siste hundrede meterane går ein i god rås.

*Tekst frå Utvik sokn: Jofrid Rye Hestenes*



## Olden sokn Sommarkonsert i Olden gamle kyrkje

Stryningen Anita Gjørven kjem til Olden med sin trio!

I 2023 gav ho ut sitt debutalbum “Det kjæraste eg har”, og har sidan det turnert på nordvestlandet saman med sin trio. Og no kjem dei altså til Olden og avsluttar Oldendagane med konsert i gamle Olden kyrkje på søndagen.

Anita Gjørven er vokalist, instrumentalist og låtskrivar frå Stryn, for tida busett i Molde. Godt rota i jazz- og vise-sjangeren er musikken prega av improvisasjon, historieforteljing og stemningsformidling.

Viktige inspiratorar er norske visemusikarar som Odd Nordstoga, Halvdan Sivertsen, Ingebjørg Bratland, Frida Ånnevik og jazzvokalistar som Melody Gardot, Eva Cassidy og Siril Malmedal Hauge.

Anita skapar nær kontakt med publikum, ikkje berre gjennom framføringa, men også med historiene bak låtane.

Konserten presenterer musikken frå albumet, i tillegg til både folketonar og melodiose jazzlåtar. Alt saman vert nydeleg akkompagnert av to svært dyktige multiinstrumentalar: André Gussiås på tangentar og kor, og Simen Bugge på trommer og gitar. Begge er frå Molderegionen.

«Den raude tråden i konserten er jo ting som er kjærte for meg, deriblant også stadsidentitet, tilhørsle og røter. Stryn står sterkt som min heim plass til tross for at eg bur i Molde. Fleire av låtane mine er direkte baserte på det, som “No kjem vinteren” og “Sjå heim”. Begge har rulla og gått på NRK lokalradio dei siste åra.

De får også høyre to velkjende låtar av komponistar frå indre Nordfjord: folketonen “Om kvelden” frå Hornindal, og ikkje minst Nordfjordsongen. Vi gler oss til å komme til Olden, og håpar mange vil ta turen for ei fin stund i Olden kyrkje”, skriv Anita.

**Anita Gjørven**

Med  
André Gussiås  
og  
Simen Bugge

**Søndag 6. juli**  
**Kl. 14.00**

Gamle  
Olden kyrkje

## Hornindal sokn Kulturgudstenesta er tilbake på Anders Svor-museet

Søndag 3.august blir det igjen gudsteneste inne på Anders Svor Museum. Dette som del av Kulturdagane i Hornindal.

Soknerådet fekk rask og positiv respons då dei søkte Viti om å få nytte museumslokalet til den tradisjonsrike kulturgudstenesta.

-Dette får vi til, slo dei fast.

Viti ser gudstenesta som ein fin måte å presentere den unike kulturskatten på Anders Svor Museum.

-Vi er veldig glade for at Viti let oss få nytte museet til denne gudstenesta, understrekar soknerådsleiar Silje Hjellbakk Hole og sokneprest Constanze Lindner.

Kyrkjekaffien blir servert på Coop-tomta i Grodås sentrum - der sanitetslaget og soknerådet også i år vil ha kafé.

*Tekst og foto: Harald Vartdal*



*Constanze Lindner (t.v.) og Silje Hjellbakk Hole ønskje vel møtt til gudsteneste på Anders Svor-museet 3. aug.*



*Vi legg til rette for ei personleg og verdig gravferd, med omsorg og respekt for det som betyr mest for deg.*

**Hjelmeland**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
Til hjelp i sorga sidan 1978

Du når oss på telefon heile døgnet, alle dagar.

 905 50 905

post@hjelmeland.as

www.hjelmeland.as

# Altertavla i Loen kyrkje

Tavla er truleg frå tidleg på 1600-talet, og er ei katekismetavle <sup>1)</sup> som etter vedtak på ein synode <sup>2)</sup>

i Bergen i 1579 kom i staden for altertavler med bilete - for ei tid framover.

Det særmerkte ved altertavla i Loen er ramma. Dei halvsirkelforma vengene, englehovuda, profillister med dekorasjonar, er typisk for ein fabrikkliknande produksjon i Bergen på denne tida. Tavla i Loen har mest truleg vorte laga her, og enkeltdelane er hengsla saman slik at tavla kunne «klappast i hop» for å ta mindre plass, så vart det òg mindre sjan-sar for transportskadar. Tavla kom på plass i Loen kyrkje i 1667, og følgde med over i den nye kyrkja som vart bygd i 1837. Til hundre-årsjubileet for kyrkja i 1937-38 vart tavla over-måla og restaurert av Domenico Erdmann og Olav Seter frå Riksantikvaren. Tavla er sett saman av tre like store rundboga felt med katekismetekstar. Teksten på tavla er Fader vår og innstiftinga av nattverden. Midtfeltet oppe har ein enkel kross med Kristusmonogrammet IHS.

1) Før reformasjonen var kyrkjene pryda med statuer og måleri av heilage personar. I staden for den katolske bilderikdommen, ønskte mange av dei protestantiske rørslene å heller la Bibelens ord stå i sentrum. Frå slutten av 1500-talet vart det derfor laga slike katekis-metavler – altertavler med berre tekst.

2) I den lutherske kyrkja vert nemninga «synode»




Foto: Norske kirker

brukt om styrande organ med representantar for kyrkje-folket som er valde på demokratisk basis.

Domenico Erdmann (1879-1940) var ein norsk målar og restauratør. Han utførte restaurasjonsarbeid i over 100 norske kyrkjer, og sette preg på mange interiør med sin karakteristiske stil og fargebruk.

Kjelder:

- Antikvar, siv.ark. Ola Storsletten, Riksantikvaren, «*Dei eldste kyrkjene i Nordfjord*» 1988
- Fortidsminneforeningen, «*De eldste katekismetavler*» 2012
- *Norsk etymologisk ordbok*.

Olav R. Faleide

## Framhald frå s.6: Dugnad (Innvik)

Den 28. april var det kalla inn til dugnad i og ved kyrkja – vi pla «ta eit tak» før konfirmasjon og 17. mai.

Trass i kollisjon med eit par andre arrangement i bygda, var det ein god gjeng som møtte opp, og det vart «shina opp» både ute og inne.

Ute vart det raka, og fjerna kvist og lauv frå gravplassen, og kosta sand av trapper og hellegongar, og det vart planta blomar i bedet ved inngongen.

Inne vart lysestakar og anna i messing og sølv pussa, og skinn på stolar, alterring og preikestol vart innsett med feitt og polert. Putene i kyrkjebenkene vart støvsuga, og benkene vaska før putene vart lagde på igjen. Vegger vart vaska så høgt ein rekk, spindeljev fjerna i

«krinkelkrokar», det vart støvsuga og vaska «overalt» - i «kyrkjerommet», på galleria og i våpenhuset.

Den gamle lysekruna torde vi ikkje gjere noko med – kuplane er uråd å erstatte.

Det same gjeld glasrutene, så dei òg vart «nennsomt behandla», men vi fjerna spindeljev, og støv og rusk frå glaskarmane, så det hjelpte på.

Det vart gjort reint i begge sakristia, i bårethuset og på toaletta.

Vi kom i mål med det vi skulle nå over, og avslutta med ei velfortent kaffiøkt, med pølser/brød, og sjokola-dekake. Det smakte godt, det.

Torill Bennæs

# Konfirmantar våren 2025

## Utvik

F.v.: Prestevikar Beate Nes,  
Natasha Piwko, Vilde Johanne  
Torsheim Nystøyl og  
Elise Kårstad



Foto: Geir-Ståle Vatnamo



## Innvik

Framme f.v.: Dina Li Skogstad, Sofie Gjerde Årdal, Karl Vargas Skåden og Simon Hammer Bergh.  
Bak f.v.: Fungerande sokneprest Knut Gjengedal og kyrkjelydspedagog Andreas Kråkenes.



Foto: Geir-Ståle Vatnamo



Foto: Ole Eltvik

Frå venstre **1.rad:** Hanne Otterdal Bøe, Marius Veka Brath, Olivia Bøe Eimhjellen, Tarjei Sleire Bøe, Eirik Maurset Ørjasæter, Nora Bergh Hagen, Ulrik Bjørkedal Eide, Leah Solvik Sunde  
**2.rad:** Kateket Beate Nes, Melissa Sunde Søvik, Gaute Egge Lykkebø, Maja Oline Øvrebø, Torina Egge, Sofie Nilsen, Ulrik Steenslid, Julie Vinsrygg, Prest Henry Koppen  
**3.rad:** Mathea Vik, Sara Sætre Loen, Selma Skoge-Bjørke, Iselin Angel Palag Tonning, Amalie Øien Myrøld, Håvard Gjerde Sandal  
**4.rad:** Samuel Teige Kompalla, Boye Flore, Nicolai Mork Sande, Peder Stølen Veamyhr, Emil Strømme Døving



## Nordsida

Bak f.v.:

Matias Olai Sølvsberg Slette-  
nes, Magnus Ulvedal, Nikolai  
Roset Hansen, Olai Bergset  
Mandal,

Framme f.v.:

Trym Blakset, Josefine Roset,  
Kristian Aguilera Gald

*Foto Anders Flore*



## Olden

F.v.: David Sunde Flåten, Elise-Marie Åsnes Skarstein, Kristiane Opheim Flåten, Mathias Henningsen Gjerde, Lars Krogh Opheim

*Foto: Arild Hafsaas*





Foto: Ole Eltvik

## Oppstryn

Bak f.v.: Håkon Olai Berstad, Dennis Sørnum Olsen, Erik Mathias Tunold Ytterård, Sondre Aga Reme, Thor Robson Hjelle  
 Framme f.v.: Malene Guddal Sunde, June Guddal Kirkeide, Sandra Haugen Flo, Solveig Fure, sokneprest Henny Koppen

## Loen

F.v.: Kateket Beate Nes, Andrea Haugen Vinsrygg, Magnus Muldsvor Olsbø, Ian Leeroy Edelston Nash, Ruben Aga Hove, Sebastian Rekdal Sande, Daniel Wangberg Nesdal, Max Emiliano Artiga, sokneprest Henny Koppen



Foto: Haldor Hove

## Seniortreffa i Nordsida sokn

Heilt sidan starten av 80-talet har vi hatt seniortreff i Nordsida sokn. Ca ein gong i månaden i frå september til mai har bygdefolk i aktuell senior-alder vore samla til litt program, ei matøkt, søndagens tekst eller andre innslag knytt til det kyrkjelege livet, - men ikkje minst til god prat rundt borda der både lått og løje og alvor blir delt med kvarandre. Dei første 10-åra var seniortreffa, eller eldre-treffa som det heitte i starten, lokalisert til sidesalen i Nordsida kyrkje. Her var det mange gode krefter frå styret i Nordsida diakonat som jobba for at dei eldre skulle få ei hyggestund med mat og program. Gjennom fleire år har også folk som har vore knytt til seniorarbeidet i kyrkjelyden gjort ein stor innsats for å samle stoff til lokalhistoriske prosjekt som omhandlar hendingar og humor, ord og uttrykk og stadnamn. Dette er no bevart som ein skatt for ettertida.

Frå 2012 vart Aud Ulvedal primus motor for seniortreffa, og etter eit par år tok ho imot folk heime i si eiga romslege stove og treffa vart arrangert der fram til 2022.

Ho planla opplegget, knytte til seg programkrefter og laga i stand maten. Dei som har hatt glede av desse samlingane gjennom alle desse åra er svært takknemlege for det arbeidet Aud har lagt ned for seniorane på Nordsida gjennom denne perioden. Ho har hanka inn mange interessante programkrefter og folk har gjennom desse samlingane fått spennande møte med tradisjonar og menneske som gjekk føre oss mellom anna gjennom filmene som Vall-Hall (Vall Teigen og Hallvard Almanning) har laga. I tillegg har det vore mange interessante menneske på besøk. Aud sin innsats på dette feltet har gjort seniorarbeidet lett for sokneråda gjennom desse åra, og også soknet vil takke for det flotte arbeidet Aud har lagt ned. Aud har no avslutta sitt leiarverv for seniortreffa, og treffa har no gått over i ei ny form. Frå hausten 2024 er seniortreffa igjen knytt til sidesalen i kyrkja vår, og er lagt i forkant av fredagstacoen som de kan lese om i eit anna kapittel i dette nummeret av Kyrkjeklokka. Innhaldet i seniortreffa liknar på det som har vore tidelgare, og oppmøte er minst like stort som før.

*God blanding av seniortreff, taco og søndags-skule.*

*Foto: Frå Nordsida kyrkje si FB-side*



*Aud Ulvedal fekk takk og blomar for sin lange innsats med seniortreffa.*

*Foto: Hege Heggheim Ulvedal*

Vi som har glede av å vere med på desse samlingane er svært nøgde med å få treffast og prate, lytte til eit foredrag og dele eit lunchmåltid. Når vi så kan gå saumlaust over i fredagstaco saman med storfamilien i kyrkja til slutt, så er fredagen berga og kosten sikra før helga set inn. Takk til dei som starta dette arbeidet, til dei som heldt det ved like og til dei som driv det vidare framover. Vi blir ikkje færre seniorar etter som åra går og vi får ikkje mindre behov for å kome saman og dele liv og historie med kvarandre.

*Gunnhild Bergset*



## Tacofredag i Nordsida kyrkje

Tacofredag er ein gammal norsk tradisjon heilt tilbake til Kåre Willoch si tid. Det finst ikkje tal på kor mange familiar i Norge som diskar opp med mais, tomat, ost og kjøtdeig, og danderer det formfullt på ei lefse som er baka på ein fabrikk i Hellas.

Det er difor naturleg at også kyrkja hiv seg rundt og blir med på denne fellesnorske familieaktiviteten. I Nordsida sokn har dette vore praktisert i fleire år, og i fjor haust klinka vi til med kombinasjonen Seniorettreff, Søndagsskule og Tacofredag. Ein heilt naturleg kombinasjon vil du sikkert seie? Og det er vi einige i. Dette har vore ein stor suksess som absolutt kan anbefalast for andre sokn. Ein fredag i månaden skjer det i sidesalen i Nordsida kyrkje. Først seniorettreff i regi av diakoniutvalet, og når skulen sluttar for dagen kjem borna til søndagsskule. På ein fredag. Ein Tacofredag, må du vite! Det heile kulminerar i tacomiddagen der svoltne pensjonistar og endå svoltne ungar saman delar eit måltid med lefser i fleng. Det er ikkje unormalt at vi tel over 120 lefser som er borte på eit blunk. Det er rein magi! Kvar blir dei av? Og medan ost og løk går ned på høgkant, går praten horisontalt i alle himmelretningar. Ein god sølj medan unge og gamle delar sin utømelege appetitt på lefser med næringsrik substans. Når tacobordet er tomt og tacomagane er fulle, så går alle kvar til sitt, - og tenkjer: Likte Kåre Willoch taco? Kva hadde han på tacoen sin? Likte han tomat?

*Svein Arild Bergset*



Foto: Nordsida kyrkje

## 17.mai-tradisjon ved Oppstryn kyrkje

Tradisjonen tru, etter gudstenesta som i år var ved Olaf Sigurd Gundersen, var det kransepålegging over dei 5 frå Oppstryn som fall under krigen. Det var Johan Berge som snakka ved bautaen. Arvid Kåre Sunde står med flagget.



Foto: Oppstryn sokn

# Min salme



Foto: Privat

«Ned i vester soli glader», er ein vakker kveldssalme, skriven i 1910 av prest og salmediktar Anders Hovden. Den uttrykkjer takksemnd for dagen og ber om vern for natta.

Når vi veit at dikteren levde under trange og strevsame kår, kan salmen vere ein tankevekkjar for oss som lever i dag. Vi som har det så godt på mange vis, treng å bli minna om å setje meir pris på det vi har, og å vere takksame for det. Vi har det meste, men vil likevel ha meir. Salmen minner oss om å be om hjelp i kvardagen, og å løfte blikket opp og framover, og har i seg ei bøn om at vi på siste dagen blir «lyft opp i dine salar», og leia «over stjernebru».

Mange songkor har denne salmen på sitt repertuar. Den mest kjende melodien til salmen er ein religiøs folketone frå Eid i Nordfjord. Ole Bull Kammerkor framførte salmen som avslutningsnummer på konserten i Blåfjellshallen i Oldedalen i fjor sommar. Ei minnerik oppleving for oss som var til stades.

«Ned i vester soli glader» formidlar på ein kvardagsleg måte ei takk til Gud. Ei bøn om velsigning.

Til neste nummer er Kristin Aaning utfordra til å skrive «Min salme»

## Ned i vester soli glader

*Ned i vester soli glader.  
Takk for dagen, Gud og Fader,  
gjev oss vern til natti no!  
Takk for mat og takk for klede,  
takk for arbeidskraft og glede  
gjev oss hjartefred og ro,  
gjev oss hjartefred og ro.*

*Gud og Fader, lat oss sova  
under englevakt i stova,  
ver vår sol om natti, du!  
Når så siste dagen dalar,  
lyft oss opp i dine salar,  
lei oss over stjernebru,  
lei oss over stjernebru!*

*Anders Hovden*



Foto: Pixbay

# Oddny under open himmel



av Oddny Torheim

## Vi fekk ein ny vår

### Ei opna dør

Forrige nummer av "Kyrkjeklokka" fann eg i postkassa mi ein laurdag. Omlag halva las eg den kvelden. Resten vart lese om søndagen.

Tenk at vi har eit så godt og fint kyrkjeblad. Alle prestegjelda yter sitt, og mange fine bilde fortel mykje om aktivitetar i kyrkjene og på friluftstilstellingar.

TAKK til alle ytarar! Ei spesiell takk til Jarle for den siste sida om korset og påska!

Då eg hadde lese det, kom det fram i tankane noko som eg las for ei tid sidan: Finn var prest i ei heilt enkel kyrkje som ikkje hadde anna utsmykking i kyrkjerommet enn eit trekors. Ein dag kom han inni denne kyrkja saman med eit av barna sine. Heilt plutselig kom det frå barnet:

- Far, eg veit kva nøkkelen til himmelen er.
- Ja så, svarte faren. Kvar er han?
- Korset der, svarte han og peikte.

Enklare kan det ikkje seiast. Den nøkkelen er brukt. Den passa i låsen, og døra står opa, opna av Han som døydde for deg, opna den dagen han døydde.

På dagsordkalenderen min står: "Å tru at Kristus døydde er historie. Å tru at Kristus døydde FOR DEG er FRELSE."

## Vi fekk ein ny vår

No har vi alle fått høgtida ei ny påske- og pinsehelig. Lat oss få tru at bodskapen gjeld oss og medmeneska våre.

Om våren kjem nytt liv til syne kvar vi snur oss. Landet vårt er vårherleg fint. Det lokkar tusenvis av turistar hit for å sjå desse bratte fjella, desse drøymande lier, desse brusande fossar og smilande fjellvatna. Mellom alt dette få høyre fuglesong og vårsus av grønne blad og kjenne lukt av dei ulike plantar og tre.

Vi hadde mange lyrikarar i forrige hundreåret. Dei fleste har skrive sommarlege vers.

Ni av diktarane fekk vers trykte i eit blad. Spørsmålet var: Kven har skrive dikta?

Eg tek med litt av to dikt.

*Hva lykke er?*

*Gå på en gressgrodd setervei  
i tynne, tynne sommerklær,  
klø sine ferske myggstikk  
med doven ettertenksomhet  
og være ung og meget rik  
på uopplevt kjærlighet.*

Det andre lyder slik:

*Plutselig stod hun der inne  
i den halvlyse maskinhallen  
i blåtøykjolen og de slitne lerretsskoene på.  
Ingen hadde hørt henne komme.  
På armen bar hun en kurv  
med små buketter av blomster.  
Bekkeblom, skogstjerner, fioler,  
løvemunn og linnea.  
Hun hadde plukket dem  
med sine barnehender  
en godværsdag  
i skogen kring byen.*

Ja, lat barna få plukke sine bukettar. Det er glede å kunne gje, og det er glede å ta imot.

**"Sjå på liljene på marka, korleis dei veks" Matt.6. 26**

Vi snakkar om Guds ord. Kva skal vi samanlikna det med? Det er som korn og sennepsfrø. Det må leggjast i jorda før det kan vekse. Så spirer og veks det. Vi veit ikkje korleis det går til. Slik også med Guds ord. Det må brukast, lærast og bringast vidare

Då skal Guds rike vekse.

God sommar!



# Leirsommar - sommarleir

Leiarar på Nesholmen

KFUK-KFUM)

**Barneleir** for 1. til 4. klasse, 20. - 22. juni

<https://kfuk-kfum.no/aktiviteter/event-id-37457>

**Aktivitetsleir** for 5. til 7. klasse, 22. - 25. juni

<https://sites.google.com/kfuk-kfum.no/leir2025/aktivitetsleir>

**Gaming-leir**, alder 10 - 17 år som er interesserte i gaming, 26. – 29. juni

<https://sites.google.com/kfuk-kfum.no/leir2025/gamingleir>

**Ferieleir for familiar** frå 25.–28. juli

<https://kfuk-kfum.no/aktiviteter/event-id-37507>

Frå informasjon og påmelding: sjå lenker over.



 <p><b>INNVIK FJORDHOTEL</b> Misjonshelmen 6793 Innvik, tlf. 57 87 49 90 e-post: <a href="mailto:post@innvikfjordhotell.no">post@innvikfjordhotell.no</a></p> <p>Selskap, catering, arrangement, overnatting. Velkommen!</p>	 <p><b>SMAR</b> KAFE &amp; CATERING 57 87 11 33</p>	<p><b>TUSSA</b>  Installasjon avd. Stryn</p> <p><b>Når du treng elektriker privat eller bedrift</b></p> <p>Kontakt oss: Geir Olav Øvreseth, 917 19 949 Anders Bergset, 918 33 101 Tonningsgata 27</p> <p><a href="http://tussa.no">tussa.no</a></p> 
 <p><b>Stryn Bokhandel as</b></p> <p>BØKER - SKULEMATERIELL KONTORREKVISITA REISEEFFEKTER - BARNEUTSTYR LEIKETØYFORRETNING TONNINGSGATA 23. TLF: 57871016</p>	<p><b>UTVIK BYGG</b></p>	 <p><b>SKOGSTAD®</b> Tailored by nature</p>
 <p><b>Ommedal Dekksenter as</b></p>	 <p><b>BUNNPRIS</b></p> <p><b>Olden</b></p>	 <p><b>TOSHIBA</b> VARMEPUMPER</p> <p>Salg - Montering - Reparasjon - Service</p> <p>Alv Terje Glomnes - mob. 921 40704 <a href="http://www.senok.no">www.senok.no</a></p> 

## Leirar på Fjordly (Normisjon) (etter at bladet kjem ut)

**Tweensleir for 4.-7. klasse, 20.-23. juni**

Leirtema: Mesternes Mester

<https://pameldinger.no/e/pbxarv>

Frå informasjon og på-  
melding: sjå lenker over.



**Tenleir for 8.kl og oppover, 9. -13. august**

Tema for leiren: Mesternes Mester

<https://pameldinger.no/e/fkpvgg>

Endeleg min tur til å vere  
**KONFIRMANNT**

### Konfirmant i Stryn 2025-26?

Les meir om konfirmasjonen  
på kyrkja si nettside:

[https://stryn.kyrkja.no/  
Artikler/Artikkeldetaljer/  
ArticleId/4237/Konfirmant-  
2025-2026](https://stryn.kyrkja.no/Artikler/Artikkeldetaljer/ArticleId/4237/Konfirmant-2025-2026)

Gravminne

Namne-  
tilføyingar

Oppfrisking



**EIDE STEIN AS**

[www.eidestein.no](http://www.eidestein.no)

712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå

**Fjordferd**  
BEGRAVELSESBYRÅ



Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd

Stryn - Stad - Volda - Stranda - Fjord




Sjå heimesida vår for prisar  
[www.fjordferd.no](http://www.fjordferd.no)

Tlf. 458 50 300

- Vi er her for deg når du treng oss -





## Vi les Bibelen saman!

Ved Beate Nes

*Bibelen er ein skatt!*

*Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen presenterer Kyrkjeklokka nokre av dei kjende bibelhistoriene.*

*Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.*

## Dei er svoltne

Læresveinane til Jesus hadde reist omkring frå landsby til landsby og forkynte den gode budskapet om Jesus og lækt folk kvar dei kom. No var dei tilbake hos Jesus, fulle av intrykk og opplevingar. Jesus hadde invitert dei med på tur så dei kunne vere åleine. Men folk fekk vite det og følgde etter. Jesus tok som alltid imot dei og tala til dei om Guds rike, og han lækte dei som trong å bli friske.

Men då det leid mot kveld, kom venene til Jesus til han og sa: Folk er svoltne! Du må send dei frå deg, så dei kan gå bort i landsbyane og gardane her omkring og kjøpe mat.

Men Jesus sa til dei: De skal gje dei mat! Vi? Læresveinane såg på kvarandre, og på Jesus og sa: vi har ikkje meir enn fem brød og to fiskar, og her er om lag fem tusen menn i tillegg til alle kvinnene og borna. Då sa han til læresveinane: «Lat dei setja seg i flokkar på femti.» Dei gjorde som han sa, og lét alle setja seg. Så

tok han dei fem brøda og dei to fiskane, såg opp mot himmelen og velsigna dei. Og han braut dei og gav dei til læresveinane, så dei skulle by rundt til folket. Og alle åt og vart mette. Etterpå samla dei opp dei stykka som var til overs, og det vart tolv korger.

Gjenforteljing av Matteus 14 og Lukas 9

### Til samtale

Læresveinane undra seg over korleis Jesus kunne gjere fem brød og to fisk om til nok mat til ei så stor folkemengd. Jesus kan gjere sjølv små ressursar om til mykje, når han velsignar det. Det vert til og med noko til overs. Kanskje ikkje så rart at dei ville gjere Jesus til konge? Tenk å kjenne ein som kunne ordne dei det dei trengde!

Kva trur du folka som var der fortalde, når dei kom heim igjen til venene sine?

Har vi noko vi kan gi til Jesus, som han kan hjelpe oss å dele med andre?





# Barnas

## LABYRINT

Kan du hjelpe guten gjennom labyrinten slik at han kan gi fiskane og brøda sine til Jesus?




**Vits**

- Veit du kor mykje klokka er?
- Ho er i alle fall ikkje fire.
- Korleis veit du det?
- Jo, for eg skulle vere heime klokka fire, og det er eg jo ikkje.

Teikningar: CLAUDIA CHIARAVAILLOTTI

## FARGELEGG


Her gir nokon barn to fiskar og fem brød til Jesus. Jesus brukte det til å gi mat til 5000!



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## KRYSSORD

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet.

Du finn Bibelen på internett også! Sjå [bibel.no](http://bibel.no)

Bygning i Lukas 2,46

1.



Disippel i Johannes 20,26

2.



Bær i Matteus 7,16

3.



4.



Tal i Matteus 26,15

Landområde i Markus 16,7

5.



**Vits**

Mannen tok på seg reine sokkar kvar dag. Til slutt fekk han ikkje på seg skoa ...



Slekt  
skal følge  
slekters  
gang



## Frå kyrkjebøkene (pr 19.05.)

*Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Nedstryn - Loen - Oppstryn*

### Hornindal

#### Døpte:

**23.02. Ida Haugen Bøe**

For. Karina og Trygve Haugen Bøe

**23.02. Elling Kobberstad Haugen**

For. Lina Rebekka Kobberstad og Kristoffer Haugen

**23.02. Erling Hauge Sollid**

For. Elisabeth Hauge og Tor Marius Hauge Sollid

**20.04. Odin Taraldset**

For. Lena Underhaug og Bjørnar Taraldset

**20.04. Adam Haugen**

For Beate Lillestøl Haugen og Stian Kristoffer Haugen

#### Døde:

**25.02. Ragnar Norvald Tomasgård**  
f. 1938

**26.02. Jon Løvlid** f. 1945

**05.04. Konrad Gausemel** f. 1929

**07.04. Eldbjørg Lillestøl** f. 1935

### Loen

#### Døpte:

**23.02. Ida Rekdal Foldal**

For. Marita Rekdal og Egil Ytrestøyl Foldal

**12.04. Håkon Ekkeren Mardal.**

For. Guro Tøftum Ekkeren og Kristian Berentzen Mardal

#### Døde:

**03.03. Sigrun Loen** f. 1939

**22.04. Hallfrid Olava Emilie Hogrenning** f. 1945

**30.04. Kjellaug Muri** f. 1938

### Randabygd

#### Døde:

**24.03. Olaug Marit Hellevang** f. 1936

### Nedstryn

#### Døpte:

**02.03. Emilie Grebstad Grodås**

For. Leni Løddøen Grebstad og Ole Morten Grodås

**23.03. Ida Flore Honningsvåg**

For. Sissel Flore og Ole Morten Honningsvåg

**17.04. Elina Błaalid Karadas**

For. Henriette Błaalid og Jan Azar Skipenes Karadas

**20.04. Alba Bødal Egge**

For. Elise Bødal og Kristian Hool Egge

**11.05. Noah Benjamin Kvamme Collins**

For. Nadia Kvamme Alim og Øyvind Bøe Dalelv

**11.05. Alba Margrete Kvamme Dalelv**

For. Nadia Kvamme Alim og Øyvind Bøe Dalelv

#### Døde:

**08.03. Oddlaug Tonning** f. 1933

**09.03. Margrete Øvreberg** f. 1943

**19.04. Johan Flo** f. 1945

**26.04. Matias O. Lunde** f. 1942

**09.05. Asbjørn Alden** f. 1943

**14.05. Ola J. Berge** f. 1933

### Utvik

#### Døpte:

**23.02. Edvin Kjellevold Sørland.**

For. Renate Lillevik Kjellevold og Remi Endre Sørland

**02.03. Aleksander Holvik Skrede**

For. Veronika Holvik Skrede og Emil Skrede

**13.04. Frida Veiteberg Hauge**

For. Eli Birgitte Veiteberg og Torgeir Hilde Hauge

### Olden

#### Døpte:

**20.04. Adrian Lærum Jordalen**

For. Torunn Lærum Gjøringbø og Martin Brøyn Jordalen

#### Døde:

**25.02. Liv Inger Yri** f. 1948

**16.03. Milda Alvhild Agjeld** f. 1923

**13.04. Betsy Herborg Løken** f. 1928

**19.04. Ingolv Brigte Muri** f. 1934

**15.05. Borgny O. Sunde** f. 192

**19.05. Bergljot Yri** f. 1930

### Innvik

#### Døpte:

**20.04. Anton Leivdal Hilde**

For. Anne-Grete Eikenes Hilde og Anders Leivdal

### Nordsida

#### Vigde:

**20.12.24 Hilde-Caroline Roset og Anders-Magne Bergset**

#### Døde:

**12.04. Reidulv Stensaker** f. 1935

### Oppstryn

#### Døpte:

**20.04. Eli Døving Flo**

For. Ida Døving Olsen og Ole-Christian Flo

**20.04. Per Bergset Hjelle**


For. Gudrun Sætre Bergset og Lasse Hjelle

#### Døde:

**08.03. Reidar Tjellaug** f. 1944

**15.04. Astrid Johanne Olsen**  
f. 1947

**04.05. Olav Guddal** f. 1935



# Søndag er kyrkjedag

## Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar - nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Sjå også heimesida: [stryn.kyrkja.no](http://stryn.kyrkja.no) og på Facebook: **Kyrkja i Indre Nordfjord**

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

### 15. juni; Treeiningssøndag

Luk 24, 45-48

Loen, Holme,

11:00 Friluftsgudsteneste

Utvik, Tistamstøylen,

13:00 Støylsmesse

Randabygd, Kvalen,

14:00 Friluftsgudsteneste

### 21. juni; laurdag

Oppstryn 12:00 Gudsteneste med konfirmasjon

### 22. juni; 2. søndag i treeiningstida

Joh 3, 1-13

Nedstryn 11:00 Gudsteneste

Olden, Sundshaugen,

14:00 Friluftsgudsteneste

### 29. juni; 3. søndag i treeiningstida

Mark 10, 13-16

Nordsida 11:00 Gudsteneste

Hornindal 11:00 Gudsteneste.

Innvik 14:00 Friluftsgudsteneste

### 13. juli; 5. søndag i treeiningstida

Matt 18, 12-18

Nedstryn, Per Bolstads plass,

11:00 Friluftsgudsteneste

Utvik 19:00 Kveldsgudsteneste

### 20. juli; Aposteldagen

Mark 3, 13-19

Loen 11:00 Gudsteneste

### 27. juli; 7. søndag i treeiningstida

Mark, 5 25-34

Nordsida 12:00? Støylsmesse

### 29. juli; Olavsdagen/Olsok

Luk 22, 24-27

Olden gamle kyrkje

18:00 Olsokgudsteneste

Oppstryn 20:00 Olsokgudsteneste

### 03. aug; 8. søndag i treeiningstida

Mark 12, 28-34

Nedstryn 11:00 Gudsteneste

Hornindal, Anders Svor Museum,

12:30 Kulturgudsteneste

Utvik, Brekkestova, Utvikfjellet

15:00 Friluftsgudsteneste. Ta med

mat og drikke

### 10. aug; 9. sønd. i treeiningstida

Luk 6, 36-42

Loen 11:00 Gudsteneste.

### 17. aug; 10. sønd. i treeiningstida

Mark 11, 25-26

Olden 11:00 Fyrsteklasses-

gudsteneste

Nedstryn 16:00 Fyrsteklasses-

gudsteneste

### 24. aug; 11. sønd. i treeiningstida

Joh 8, 31-36

Oppstryn, Bombeneset

11:00 Friluftsgudsteneste med

presentasjon av nye konfirmantar

### 31. aug; 12. sønd. i treeiningstida

Joh 4, 27-30. 39-43

Utvik 11:00 Gudsteneste med

presentasjon av nye konfirmantar

Nordsida 11:00 Gudsteneste med

presentasjon av nye konfirmantar

Hornindal 11:00 Fyrsteklasses-

gudsteneste

Innvik, Liatunet,

15:00 Friluftsgudsteneste

Olden 19:30 Kveldsgudsteneste

### 07. sept; 13. sønd. i treeiningstida

Joh 15, 13-17

Nedstryn 11:00 Gudsteneste med

presentasjon av nye konfirmantar

Randabygd 11:00 Gudsteneste med

presentasjon av nye konfirmantar

### 13. september; laurdag

Hornindal 11:00 Konfirmasjons  
gudsteneste

### 14. sept; Vingardssøndag

Matt 19, 27-30

Innvik 11:00 Gudsteneste med

presentasjon av nye konfirmantar og

konfirmantjubilium

Loen, Bødalen,

13:00 Friluftsgudsteneste

### 21. sept; 15. sønd. i treeiningstida

Joh 15, 9-12

Oppstryn 11:00 Hausttakkefest med

utdeling av 4-årsbok

Innvik 11:00 Gudsteneste med

presentasjon av nye konfirmantar og

konfirmantjubilium

Nordsida 11:00 Gudsteneste

### 28. sept; 16. sønd. i treeiningstida

Matt 11, 16-19

Nedstryn 11:00 Gudsteneste/

Hausttakkefest med utdeling av 4-

årsbok

Utvik 11:00 Hausttakkegudsteneste

Hornindal 11:00 Hausttakkefest med

utdeling av 4-årsbok

### 05. okt; 17. sønd. i treeiningstida

Mark 5, 35-43

Randabygd 11:00 Hausttakkefest

Gå gjerne på besøk til ein  
annan kyrkjelyd enn i  
heimbygda.


Fellsskapen i gudstenesta  
er uavhengig av  
soknegrensene.





Distribusjon som **Post med like format** til abonnent utanfor Stryn og Hornindal. Returadr.: Kyrkjekontoret, Rognehaugen 11, 6783 Stryn

## Kyrkja sin sommarbingo

<b>Besøk ei kyrkje</b>  Stad:	<b>Ver lenge oppe ein kveld</b> 	<b>Et 2 is på ein dag</b> 	<b>Plukk blommar</b> 	<b>Finn eit kors</b> 
<b>Et middag utandørs</b> 	<b>Finn ein døypefont</b>  Stad:	<b>Bygg sandslott</b> 	<b>Les/høyr ei bibelfortelling</b> 	<b>Bade</b> 
<b>Smil/sei hei til nokon du ikkje kjenner</b> 	<b>Besøk ein turistattraksjon</b> 	<b>Besøk ei kyrkje</b>  Stad:	<b>Besøk nokon du er glad i</b> 	<b>Overnatt ein annan plass enn i eiga seng</b> 
<b>Send ei sommarhelsing</b> 	<b>Høyr songen «Hellig Boogie» av Jarle Waldemar</b>  på Spotify eller youtube	<b>Lag ein kald somnardrikk</b> 	<b>Finn eit bilde av Jesus</b>  Stad:	<b>Ta med mat og gå på piknik</b> 
<b>Smør deg med solkrem</b> 	<b>Be ei bøn</b> 	<b>Rydd av middagsbordet</b> 	<b>Dans</b> 	<b>Besøk ei kyrkje</b>  Stad:

Sett kryss for kvar ting du gjer. Klarer du fylle ei heil linje, eller kanskje heile brettet?

Alle som har éi eller fleire fulle linjer får ein liten premie, og i tillegg trekk vi éin vinnar blant dei som har heile brettet fullt.

Skriv namn og kontaktinfo og lever til kyrkjekontoret i Stryn eller på mail til [beate.nes@stryn.kommune.no](mailto:beate.nes@stryn.kommune.no)

**Svarfrist 31. august.**

Redaktør for neste nummer er: Hege Heggheim Ulvedal  
 Vi tek svært gjerne imot stoff på e-post til:  
[kyrkjeklokka@gmail.com](mailto:kyrkjeklokka@gmail.com) eller  
[hege@skogane.no](mailto:hege@skogane.no) innan 05.09.

Bladet blir omdelt i postkassene i Stryn og Hornindal på dugnad.  
 Neste nummer får du i postkassa ca 26.09.